


Sprog i Norden

Titel: Nordspråk 1984
Forfatter: Jan E. Byberg
Kilde: Sprog i Norden, 1985, s. 94-95
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Nordisk språksekretariat

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Nordspråk 1984

Av Jan E. Byberg

Nordspråk er samarbeidsorganet for dei nordiske morsmåslærar-organisasjonane og for organisasjonane av lærarar som underviser i nordiske språk som framandspråk. Til saman har desse organisasjonane over 20.000 medlemmer.

Nordspråk har som fremste mål å arbeida for ei forbetra integ-
rert grannespråkundervisning og for å gje kunnskap om dei nor-
diske lands litteratur og kultur ein rettkomen plass i undervis-
ninga i morsmålsfaget og i andre fag.

Sidan 1979 har *Språk i Norden* årleg innehalde ein rapport om bakgrunnen for og framvoksteren av Nordspråk-samarbeidet. Dette er eit uttrykk for den anerkjenning Nordspråk etter kvart har opparbeidd seg hjå offisielle nordiske samarbeidsorgan som Nordisk språksekretariat, Nordisk språk- og informasjonssenter og Nordisk ministerråds sekretariat for kulturelt samarbeid. I same lei peikar det faktum at Nordspråks sommarkurs frå og med 1984 har fått plass på Nordisk ministerråds faste kursbudsjett. Bortsett frå dette er Nordspråk-samarbeidet framleis eit utslag av friviljug samvirke, og kostnadene blir borne av dei einskilde medlemsforeiningane; det skal likevel nemnast at dei tre finske foreiningane får offentleg tilskot for å vera med i Nordspråk-samarbeidet.

I 1984 har Nordspråk innført ei ny arbeidsordning med berre eitt stort fellesmøte, kalla Nordspråk-konferansen, og 2 mindre arbeidsmøte. Nordspråk-konferansen blei i 1984 for fyrste gong halden i Island på Borgarnes.

Nordspråks viktigaste tiltak i 1984 var det årlege sommarkurset, denne gongen i Ljungskile i Sverige, med tittelen "Nye media – slaveri eller frigjering?" På kurset tok ein på breitt grunnlag opp spørsmål om mennesket i mediasamfunnet, om sosialisering og medvitsutvikling under påverknad av dei nye media. Det var

120 deltakarar frå alle nordiske land med på kurset.

Nordspråk-konferansen på Borgarnes vedtok at emnet for sommarkurset i 1985 skal vera "Språklege oppvekstvilkår i 80-åra". Kurset skal etter planen leggjast til Vågan folkehøgskole i Kabelvåg i Lofoten. Vidare vil Nordspråk arbeida for å få gjennomført ein konferanse med det siktemålet å få gjort ein komparativ analyse av eksamensoppgåver og tilsvarande i grunnskolen. Nordspråk ser det som eit fagpolitisk viktig tiltak, i og med at det vil gi eit betre grunnlag for forståing av kva som er likt og ulikt i skolesystem og i pedagogiske tradisjonar i dei nordiske landa, og dessutan tena som utgangspunkt for det fagplankritiske arbeidet medlemsforeiningane driv i sine respektive land. Og på noko lengre sikt kan innsikt av dette slaget vera eit verdifullt grunnlag for nye initiativ når det gjeld bokutgjeving og læremiddelutvikling.

Nordisk ministerråds arbeidsgruppe for grannespråk på vidaregåande trinn ("gymnasialt nivå") – der Nordspråk har 4 av 6 medlemmer – har i 1984 halde 2 møte. Arbeidsgruppa reknar med å slutføra arbeidet i løpet av hausten 1985. Arbeidsgruppa søkte om og fekk innvilga å vera høyringsinstans for NOU 1984: 16, "Styrking av norskundervisningen i alle skoleslag" – innstilling frå ein regjeringsoppnemnd norsk kommisjon, og har avgjeve fråsegn på dei punkta der tilrådinga kan få verknad for grannespråk-momentet i den norske vidaregåande skolen.

Boka *Barn i Norden*, som er utgjeven i skriftserien til Landslaget for norskundervisning med stønad frå Nordisk ministerråd og Nordisk språksekretariat, er i ikkje lite omfang eit resultat av Nordspråk-samarbeidet. Boka er meint til bruk i grannespråkundervisning på mellomtrinnet i grunnskolen, og har fått positiv mottaking i pressa (jf. omtale s. 101).